



## REFERAT: TEMAMØTE OM AVLØP 12.06.2019

kl 12 - 15

Stad: Førde, Storehagen 1B, møterom Hafstad / Hogane.

Til stades på møtet:

Audun Korneliussen, seniorrådgjevar, Flora kommune

Kaja Standal Moen, miljørådgjevar, Flora kommune

Lill Hege Olset, ingeniør, Fjaler kommune

Stig Olav Kleiven, konsulent ureining / spreidde avløp, Gaular kommune

Magne Reidar Førde, driftsingeniør VA, Førde kommune

Solfrid Trå, naturforvaltar, Jølster kommune

Staffan Hjøhlman, koordinator for Sunnfjord vassområde

1. Stig Olav Kleiven vart valt til ordstyrar
2. Det var ingen merknad til innkalling eller sakliste
3. Gjennomgang av ulike «case» innafor oppfølging av spreidde avløp:
  - a. Vedtak om utsleppsløyve. Avløp frå bustad via slamavskiljar og infiltrasjonsgrøfter. Jølster kommune.
    - i. Infiltrasjonsanlegg er mest brukte renseløysing i Jølster kommune.
    - ii. Krav til infiltrasjonsanlegg i følgje Miljøblad 59. Prøve av stadeigne masser. Miljøblad 59 inneheld ulike krav avhenging av om det er hovudrensing eller etterpolering etter minirensanlegg.
    - iii. Pålagt prøvetakingskum, men usikker om det lar seg gjere
    - iv. Infiltrasjonsgrøft er ein del av eit infiltrasjonsanlegg.
  - b. Vedtak om utsleppsløyve. Hytte via minirensanlegg. Utslepp i eit vatn. Jølster kommune.
    - i. Utslepp til eit vatn utan etterpolering, med grunngjevinga at vassførekomsten ikkje er sårbar.
  - c. Mogeleg lekkasje frå avløpsleidning i hyttefelt. Leidning ligg delvis open. Lukt og bakterier. Utslepp til sjø. Fjaler kommune.
    - i. Avløpsrøyret ligg delvis i dagen. Diskusjon om dette er lovleg.



# Sunnfjord vassområde

- ii. Kommunen har anledning til å stoppe avløpet og pålegge utbetringar, uavhengig av om det har kome klage.
  - iii. Utslepp går i dag til ytre del av vik, regulert til fritidsformål / bading. Det kan vere nødvendig å flytte utsleppet ut av viken.
  - iv. Det kom forslag om pumpestasjon og trykkavløp med varmekabel tildekt med torv med utslepp der det er god straum og ikkje brukarinteresser.
- d. Kva er eigna resipient for minirensanlegg?  
Fjaler kommune.
- i. Etterpolering etter minirensanlegg. Gaular kommune krev dette for alle anlegg uavhengig av resipient. NIBIO.no: Etterpolering etter minirensanlegg kan vere nødvendig ved utslepp til sårbare resipientar.
- e. Vedtak om utsleppspunkt i fjord for privat avløp.  
Gaular kommune.
- i. Formannskapet gjekk imot saksbehandlers fagvurdering.
- f. Korleis skal ein handtere søknader om utsleppsløyve til resipientar som ikkje når miljømåla, til dømes indre del av Førdefjorden, med dårleg økologisk tilstand? Midlertidig stans i utbygging? Supplerande miljøundersøking for å fastsette tilstand og påverknader?  
Førde kommune.
- i. Prosjektgruppa for Sunnfjord vassområde kan vurdere å gjennomføre fjordundersøking ved konsulent. Kommunar som ønsker dette vert oppfordra om å spele inn dette til vassområdekoordinator (Staffan).
- g. Installering av slamavskiljar med avløp til innsjø utan løyve.  
Flora kommune.
4. Diskusjon i møtet dreide seg om følgjande
- a. Tett tank. Gaular kommune gjev ikkje løyve til slike. Grunngevinga er fare for feil bruk.
  - b. Det har førekjeme at kravet om serviceavtale på minirensanlegg ikkje har vore oppfylt. Både Flora og Gaular kommune har erfart å få melding frå service-selskapet om stans i service på grunn av manglande betaling frå anleggseigar / huseigar. Varsel om inndraging av utsleppsløyve har løyst dette problemet ved at anleggseigar igjen har betalt for service.



# Sunnfjord vassområde

- c. Kommunen skal ikkje anbefale spesielle leverandører overfør huseigar, men har høve til å prekvalifisere visse typar anlegg.
  - d. Kompetanse hos utførande røyrleggjar / entreprenør. Det kan stillast krav om dette i byggesaka.
  - e. For å sikre god saksbehandling kan det vere ein fordel om same person eller avdeling handterer både utsleppsløye og byggjeløyve for avløpsanlegg.
5. Er det behov for lokal forskrift?
- a. Døme på strengare krav til rensing er verna område og indre fjordområde med store brukarinteresser og liten vassutskiftning.
  - b. Det var semje om å invitere/leige NIBIO v/ Guro Hensel til møte i slutten av august – begynnelsen av september, med tema lokal forskrift og renseløysingar (mellom anna etterpolering etter minirensesanlegg).
  - c. Møte med NIBIO er venta å tilføre kommunane auka kompetanse, som gjerd ei betre i stand til å ta ei avgjerd om ein skal lage lokal forskrift om avløp etter kap 12.
  - d. Dersom lokal forskrift skal innførast, vil det vere nyttig å invitere røyrleggjarar og entreprenørar på møte om krava som vert stilt.

Staffan Hjohlman, ref.